



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: F132

Sak nr 5/2020

Møtedato: 11.2.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

F132, Flyin – deling og oppmåling fritidsfeste

Fjellstyrt har fått sendt over kopi nabovarsel om deling av fritidsfeste nr 132 på Flyin. Fjellstyret var på synfaring på staden under befaring den 17.6.19.

Det var tidlegare gjerda inn ca. 10 daa rundt festet. Gjerdet vart fjerna etter at stølsbrukaren (S874) ville bruke deler av dette arealet som beite. Festaren ynskte å gjerde inn rundt hytta for å sleppe å ha beitedyr heilt inntil. Det er naturleg at han får løyve til inngjerding. Diskusjon om korleis inngjerding skulle skje har vore tema i fleire år, utan at ein kom fram til ei løysing partane kunne akseptere. Stølsbrukaren har søkt om tilleggsjord ovanfor festet (fjellstyresak 5/19), men Statskog ville ikkje gi gjerdeløyve og skriv i 2019 følgjande: *Statskog kan på bakgrunn av denne konflikten ikke gi tillatelse til inngjerding av nytt utvist beite slik det foreligger i søknaden.* Om ein no får løyst deling og oppmåling for begge hyttene, vil det opne opp for at Statskog skal godkjenne inngjerding av tillegg til S874.

Festaren har to hytter som ligg med 65 meter avstand inne på støljordet til S874. Begge husa er registrert som hytter. Det er betalt dobbel festeavgift i alle år. Det var ei praktisk ordning med ei felles kontrakt då det var same eigar. Kommunen opplyser at festaren har krav på å få eitt feste på kvar hytte.

Fjellstyret har ved søknad om deling av fritidsfester prinsipielt mot dette. I denne saka er det ein feil at det ikkje vart oppretta to fester ved bygging av den siste hytta. Festaren har derfor krav på å få delt festet kan uansett ikkje motsetja seg dette.

Statskog ynskjer at det blir etablert arealfeste for begge hyttene. Etter tomtefesteloven §16 har hyttefestaren fysisk råderett over eit areal på 1 daa, så lenge ikkje anna er avtala i festekontrakt. Det kan vera ryddig for alle partar å få definert kva som er stølsjorde og kva som er fritidsfeste.

Det er skissert areal for dei to nye hytteeiningane. Arealet rundt den gamle hytta er foreslege til 1462 m² og 977 m² på den gamle hytta, jf. flyfoto under:



Fjellstyret meiner at ein som prinsipp ikkje skulle overstige 1 daa ved oppmåling av areal til fritidsfeste og at festet skal ha ei naturleg arrondert form (jf. vedtak 39/19). Utkast til oppmåling som er skissert i nabovarsel er ca. 50% større enn det festaren har krav på. Fjellstyret har vore på synfaring og fått forklara ynskjer frå festaren. Fjellstyret har også fått oversendt svært omfattande dokumentasjon på historikk for hyttene. Fjellstyret har ikkje tidlegare behandla storleik på areal på festet. Befaring er ikkje for å gjera vedtak, men for

å bli kjend med saka. Det er ikkje noko i vegen for å avgrense arealet på tomta til 1 daa også ved den gamle hytta. Administrasjonen kan ikkje sjå at det ligg føre viktig nok grunnar for å gå ut over areal på 1 daa. Areal ut over 1 daa føresett i tillegg dispensasjon frå kommunen.

Fjellstyret har i sak 26/19 tilrådd slik inngjerding: *Fjellstyret tilrår at festaren får gjerda inn inntil 600 m² for den minste hytta. For hovudhytta tilrår fjellstyret ei inngjerding på inntil 700m². Om innkøyringa blir gjerda inn, tilrår fjellstyret å utvide inngjerdinga til 1000 m². Endeleg utforming av inngjerding skal sendast fjellstyret til uttale.* Saka frå Statskog handlar om oppmåling og ikkje inngjerding slik fjellstyret gjorde vedtak om i sak 29/19. I denne saka vil det i praksis sannsynlegvis vera det same.

Eksempel på oppmåling til 1 daa på den store hytta er vist i skisse under.



Framlegg til utale:

Fjellstyret har ingen merknader til at festenr. 132 blir delt i to fester. Fjellstyret tilrår at arealet for kvar hytte blir avgrensa til 1 daa oppmålt tomt. Det er ein føresetnad for tilråding av oppmåling og deling av feste, at dette ikkje hindrar utnytting av bruksretten og søknad om tilleggsjord/beite.

Uttale:

Fjellstyret har ingen merknader til at festenr. 132 blir delt i to fester. Fjellstyret tilrår at arealet for kvar hytte blir avgrensa til 1 daa oppmålt tomt. Det er ein føresetnad for tilråding av oppmåling og deling av feste, at dette ikkje hindrar utnytting av bruksretten og søknad om tilleggsjord/beite. Eigedomsgrensa kan ikkje gå nærmare enn 3 meter inntil goto. Gjerdet kan stå langsmed goto inntil ev. oppjustering av goto.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvatningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.2020

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Festar (F132)
Stølsbrukar (S874)